



SAKSHANDSAMAR
Kristi Vindedal

VÅR REF.
13/03111-65

ARK. Forvaltningsarkivet
351.8

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202846

DYKKAR DATO

VÅR DATO
17.11.2015

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - vidare arbeid.

Riksantikvaren sette hausten 2013 i gang arbeid med *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* i Hordaland og Østfold fylke.

Forprosjektet vart gjennomført i nært samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Eit høyringsutkast der ni landskap i elleve kommunar er foreslått til eit register, vart sendt ut i mai 2014. Riksantikvaren heldt eit høyringsmøte for kommunane og andre høyringsinstansar i Bergen i august. Åtte av elleve kommunar som har fått foreslått landskap i sin kommune, gav høyringsfråsegner etter at dei fleste kommunane hadde hatt saka oppe til politisk handsaming. Alle kommunane som har uttalt seg, er positive til at deira område inngår i registeret. Dei fleste har nokre merknader til avgrensinga og dei set som vilkår at landskap som inngår i registeret ikkje skal føre til tilleggsprosessar i arealplanlegginga. Fleire av kommunane er opptekne av at dei skal behalde lokal forvaltning over landskapa.

Fylkeskommunen handsama saka i Kultur- og ressursutvalet 21.10.2014 og deretter i Fylkesutvalet 30.10.2014. Kultur- og ressursutvalet slutta seg til at det vert gjennomført eit arbeid med å velje ut kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i fylket og støtta framlegget til område i høyringsutkastet. Fylkesutvalet tilrådde derimot at heile prosessen skulle stillast i bero inntil det er klargjort kva slags planmessige, reguleringsmessige og disposisjonsmessige konsekvensar ein status som *Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse* vil få.

Riksantikvaren har no ferdigstilt arbeidet med kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Østfold fylke, og ni landskap i Østfold er valde ut, jf. vedlagde kopi av brev av 6.11.2015 med lenke til rapporten. Riksantikvaren ønskjer å gå vidare med fleire fylke og har starta opp eit arbeid i Troms i samarbeid med Troms fylkeskommune og Sametinget i haust. I 2016 planlegg vi å starte opp i fleire fylke.

Riksantikvaren har som høg prioritet å ta opp att arbeidet i Hordaland for å ferdigstille eit register over *Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse* i fylket. Vi vil ta kontakt med dei kommunane som har hatt store merknader for å drøfte desse med dei. Det vil vere aktuelt å drøfte endra avgrensingar av områda og kva ein status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse får å seie for kommunen si arealplanlegging og forvaltning. I gjennomgangen av landskapa etter høyringa, har vi sett at det kan vere grunn til å redusere arealet eller justere grenser for nokre av områda.

Når det gjeld konsekvensar av å ha eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i kommunen, legg Riksantikvaren følgjande til grunn:

- Registeret skal vere eit kunnskapsgrunnlag og eit forvaltingsverktøy for kommunane og andre styresmakter som påverkar og styrer utviklinga av landskap.
- Riksantikvaren vil vere tidleg og tydeleg i å kommunisere kva landskap det knyter seg nasjonal interesse til og slik vere meir føreseieleg i høve til arealplanlegging og forvaltning av landskap.
- Det er eit mål av kommunane skal forvalte dei kulturhistoriske landskapa med eigne verkemidlar, der plan- og bygningslova er viktigast.
- Eit hovudtiltak er at landskapa bør setjast av til omsynssone c) i kommuneplanens arealdel med retningsliner og generelle føresegner.
- Omsyn til desse landskap bør leggjast til grunn når det vert planlagt store tiltak t.d. innan samferdsel, kraftutbygging og kraftoverføringar.

Innføring av landskap i registeret har ikkje verknad på vedtekne planar, men bør klart vere eit tema når planar skal rullerast og nye planar utarbeidast.

Riksantikvaren vil utarbeide ein rettleiar for kommunar og andre styresmakter om planlegging og forvaltning som vedkjem kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

Riksantikvaren ønskjer i ei vidareføring av arbeidet i Hordaland framleis å ha fylkeskommunen med som ein sentral part i arbeidet. Vi ønskjer å halde fram det gode samarbeidet med kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og med nyttige bidrag frå Regionalavdelinga, Planseksjonen.

Beste helsing

Marit Huuse (e.f.)
avdelingsdirektør

Jostein Løvdal
seksjonssjef

Vedlegg: Kopi av brev med vedlegg av 6.11.2015 frå Riksantikvaren

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavd., Postboks 7900, 5020
BERGEN/ Klima- og miljødepartementet - Kulturminneavdelingen, P.B. 8013 Dep, 0030 OSLO